






Tid for ti

tidforti.no

Stiftelsen  
LESE





På nettsida [tidforti.no](https://tidforti.no) finn du undervisingsopplegga og presentasjonane til utdrag.

Vi ønskjer at elevane skal bli nysgjerrige på den nye litteraturen dei får presentert, og du som lærar kan leggje til rette for at elevane skal få gode leseopplevingar. Du kan gje dei høve til å lese og diskutere tekstane i Tid for ti i klasserommet, formulere leseopplevingane sine og seie kva dei meiner om utdrag. Slik kan du bidra til at fleire elevar får lyst til å lese.

## Skap leseyst

## Nyttige nettsider

- [tidforti.no](https://tidforti.no) – bokutdrag, lydfiler og lærarrettleiingar
- [stiftelsenlese.no](https://stiftelsenlese.no) – nettsida til Stiftelsen LESE
- [nynorsksenteret.no](https://nynorsksenteret.no) – nettsida til Nynorsksenteret, med gode undervisingsopplegg for ulike aldersgrupper
- [nynorsk bok.no](https://nynorsk bok.no) – omtalar av nye nynorske bøker
- [framtidajunior.no](https://framtidajunior.no) – nynorsk nettavis for aldersgruppa 7–14 år

## Konkurranse

Elevane kan vere med på ein nynorsk skrivekonkurranse i regi av Framtida junior og Stiftelsen LESE. Her kan dei velje mellom to ulike tema og fleire skrivemåtar. Dei beste bidraga blir publiserte i Framtida Junior. Klassen med flest gode tekstar og teikneseriar får 2000 kroner i premie.

Fristen er 10. mars 2026. Les meir på [tidforti.no](https://tidforti.no).



# TID FOR TI Til læraren



**TIPS:** Det er fint om de kan låne inn alle dei ti bøkene frå biblioteket, slik at dei elevane som vil lese meir, kan få gjere det.

For at det skal verte lett å ta i bruk antologien, er det laga oppgåver og presentasjonar du kan ta i bruk når du arbeider med dei ulike utdrag i klasserommet. Du som lærar tilpassar sjølv korleis tekstane og oppgåvene blir brukte, etter kva som passar best for klassen og tida du har.

## Undervisingsopplegg

Tid for ti er ein leseleksjon for elevar på 7. og 8. trinn. I antologien er det utdrag frå ti nye nynorske bøker som passar for aldersgruppa. Utdraga er valde ut med tanke på å stimulere leseysta til elevane og samstundes vise fram ei breidd i tema, hovudpersonar og sjangrar. Det er ikkje sikkert at alle elevane likar alle tekstane, men målet er at alle skal finne noko dei likar, og som gjev dei lyst til å lese meir.

## Kva er Tid for ti?

Utdraga og lydfiler ligg ute på nettsida [tidforti.no](https://tidforti.no) i aksjonsperioden.